



Austevoll kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
18/242- 2018014263/5672	18/242		19.10.2018

Svar på høyring av nasjonal ramme for vindkraft

Visar til brev motteke den 06.09.2018 om utsatt frist for innspelsrunde som gjelder fagleg informasjon av overordna karakter. Austevoll kommune kan ikkje sjå at den har motteke dykkar brev av 08.06.2018.

I telefonsamtale med rådgivar Sissel Jakobsen i NVE den 19.10.2018, har Austevoll kommune fått bekrefta at det i denne høyringsrunden ikkje er relevant med politiske merknadar. I etterkant av NVE's overlevering av rapporten, vil OED gjennomføre ei ny høyring kor det vil vere mogleg å kome med politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale rammen.

Vidare blei det informert av rådgivar Jakobsen at denne innspelsrunden gjelder fagleg og overordna lokal informasjon som ikkje er registrert i database.

Austevoll kommune sender følgjande fagleg og overordna lokal informasjon:

Kartlegging av friluftsområder

Austevoll kommune starta opp kartlegging av friluftsområder i 2016. Bergen og omland friluftsråd blei engasjert til å gjennomføre registreringa. Dei er no inne i sluttfasen av arbeidet. Kartlegginga set verdi på våre friluftsområder i ein skala frå 1-5. Der 5 har høgste verdi. Rapport vert sendt til dykk, når den er ferdig i desember 2018.

Under ligger viktige friluftsområder som samenfaller med analysekartet-detaljkart:


- Bratto – Loddo - Vetten
- Selbjørn
- Stolmen og Ysteneset.
- Drøno
- Horgo

Registreringar av kystlynghei

Detaljkart over analyseområder viser at aktuelle områder for vindkraftverk kjem i konflikt med kjende registreringar av kystlynghei. I forbindelse med Handlingsplan for Kystlynghei vart det i 2012 gjennomført ei kartlegging i Austevoll kommune. Sjå vedlegg.

Resultatet frå kartlegginga har ikkje vore registrert i Naturbase, men syner at kystlynghei på Stolmen og Selbjørn er gjeve verdi A - svært viktig. Følgjande kriterier er nytta ved verdivurderinga: hevdstatus, storleik, grad av tekniske inngrep, lang kontinuitet, førekomst av raudlistearter og truga vegetasjonstypar, sjeldne utformingar, mangfald og artsrikdom, og del av heilskapleg kulturlandskap.

Temakart for Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger syner at Fugløy, Horgo og Ystaneset har kystlynghei av spesiell verdi. Det er også lokalisert to større områder for lynghei i attgroing på deler av Selbjørn og Stolmen. Dette er ikkje i tråd med kartlegginga frå 2012.



Omsynssone nedslagsfelt drikkevatt innanfor analyseområdet- detaljekart.

Registret omsynssone drikkevatt Kvernavatnet. Kvernavatnet er kommunens største drikkevattkjelde.

Naturvernområde (båndlegging etter lov om naturvern) innanfor analyseområdet- detaljekart.

Det er registrert verneområde VV00001064 Kvernavatnet

Det er registrert verneområde VV0000465 Langvatnet

Der er registrert verneområde VV00000095 Steinevik

Kartlegging av viltet i Austevoll

Det er vore sporadisk kartlegging av naturmangfaldet i kommunen. Registreringane er lagt inn i dei vanlege databasane. I tillegg var det i ei heilskapleg kartlegginga i 2006, Viltet i Austevoll. Vi er ikkje kjend med at desse registreringar av viltet i Austevoll er lagt inn i kjende databasar.

Dersom kommunen blir gjort kjent med meir informasjon etter høringsfristen den 20.10.2018, vil denne informasjonen bli ettersendt.

Vennligast ta kontakt dersom dykk har spørsmål.

Plan- og byggesaksavdeling

Erik Andreas Kyvig
Plan- og byggesakssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Kopi til:

Bjarte Madsen
Noregs vassdrags- og
energidirektorat

Vedlegg:

Kystlynghei-i-austevoll-og-sveio-2013 (2)
viltet 1
viltet del 2